



Sakshandsamar:

Jorunn Bakke Nydal

E-post: yorunn.bakke.nydal@sfj.no

Tlf.: 91344734

Vår ref.

Sak nr.: 16/3673-34

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

38297/16

Dykkar ref.

Notat

Dato
LEIKANGER, 11.11.2016

Frå: Fylkesdirektøren

Til: Hovudutvalet for næring og kultur

Den kulturelle spaserstokken 2017 - tildelingar

Bakgrunn

Den kulturelle spaserstokken vart etablert i 2007 og er ei ordning for kulturformidling til eldre.

Fram til 2014 har kommunane søkt Kulturdepartementet om støtte til ulike tiltak.

Midlane er lagt inn i rammetilskotet til fylkeskommunane, og Sogn og Fjordane sin del av dette i 2016 er 1, 015 000 kr. Det er kommunane som kan søkje på midlane.

Den kulturelle spaserstokken skal leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, kan bli utvikla innanfor eit mangfold av sjangrar og uttrykk. Løyvingane skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå. Det er svært viktig at kulturtilbodet er tilpassa til eldre og er tilgjengeleg på arenaer der eldre har sitt daglege liv og at det er eit godt samarbeid mellom kultur- og helsesektor.

Rapport om gjennomføring

Tilskotet gjeld for 2017 og vert betalt ut i desember 2016. Tilskotet må gjennomførast i samsvar med planar i søknaden. Det er eit vilkår at det skal vere levert rapport for 2015 før utbetaling for 2016.

Mål og evaluering av søknadane

Fordelinga er gjort i høve dei mål som er sett for ordninga, slik som:

- å sørge for profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet til eldre
- å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at det kan utviklast gode kunst- og kulturprosjekter lokalt innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.
- å medverke til at eldre får eit tilpassa kulturtilbod på arenaer der dei eldre held til i daglelivet.

Desse punkta lagt til grunn for løyvingane:

- at alle som har søkt skal få støtte
- god søknad/innhald
- god rapportering/innhald
- godt samarbeid kultur og helsektor
- nyskaping og utvikling
- gjennomføringsevne
- gode tilbod til mange
- folketal (brukarar over 67 år)
- interkommunalt samarbeid

Rettleiing og kompetanseheving

Rettleiing til kommunane vert gitt kontinuerleg gjennom heile året. Det vert sendt ut informasjon om konsertar/arrangement og fagkonferansar

I januar 2017 vert det gjennomført regionale samlingar (Sogn, Nordfjord og Sunnfjord) for kommunane med presentasjon av kommunane sin løysing av Den kulturell spaserstokken. Ein ynskjer framover å vektleggje samarbeid mellom kommunane og med andre aktørar for å kunne tilby arrangement med høg kvalitet. Dette til dømes samarbeid med musea, Den kulturelle skulesekken, kulturhus, rikskonsertane osb.

Det er varierande innhald i søknadane, men alle får tilskot. Folkemengd over 67 år er lagd vekt på (sjå vedlegg). Alle kommunane viser samarbeidsevne tverrsektoriell, med frivillige lag og organisasjoner og profesjonelle aktørar. Side 3 av 3

Løyvingane til Den kulturelle spaserstokken 2017, vert fordelt slik:

Askvoll kommune	kr. 35 000,-
Aurland kommune	kr. 30 000,-
Balestrand kommune	kr. 15 000,-
Bremanger kommune	kr. 55 000,-
Fjaler kommune	kr. 45 000,-
Flora kommune	kr. 85 000,-
Førde kommune	kr. 60 000,-
Gaular kommune	kr. 45 000,-
Gulen kommune	kr. 30 000,-
Hornindal kommune	kr. 25 000,-
Hyllestad kommune	kr. 35 000,-
Høyanger kommune	kr. 50 000,-
Jølster kommune	kr. 25 000,-
Leikanger kommune	kr. 30 000,-
Lærdal kommune	kr. 20 000,-
Naustdal kommune	kr. 30 000,-
Selje kommune	kr. 15 000,-
Sogndal kommune	kr. 40 000,-
Solund kommune	kr. 20 000,-
Stryn kommune	kr. 45 000,-
Vik kommune	kr. 20 000,-
Vågsøy, Eid, Selje	kr. 200 000,-
Vågsøy kommune	kr. 35 000,-
Årdal kommune	kr. 25 000,-

SUM **kr. 1, 015 000,-**

Rammetilskot kr.1, 015 000,-